



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 16.05.2018
Tid: 15:00 – 17:10

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Olaug Haugen	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Anne Lise Næs Olsen	Avd. leiar plan og utvikling (i sak 36/18)
Trond Salmo	Økonomisjef

Wenche Tislevoll
Ordfører

Bente Fitjar
møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 35/18	Godkjenning av protokoll	
PS 36/18	69/15 - Planlegging og vidare utbygging av delareal i Årskog Industriområde	
PS 37/18	Budsjettrapport 1. kvartal 2018	
PS 38/18	Årsmelding og årsrekneskap 2017	
PS 39/18	Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 1.tertial 2018	
PS 40/18	Meldingar	
PS 41/18	Ymse	
PS 42/18	Friluftsrådet Vest - Fritak for eigedomsskatt	X

Jo Kjetil Strand orienterte om prosjekt utvikling av Fitjar sentrum på sjøsida.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

Ordføreren forlet møtet kl. 16.40, etter handsaming av sak PS 37/18, for å delta i 100-års dag til innbyggjar. Varaordførar leia då møtet.

PS 35/18 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 16.05.2018:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 36/18 69/15 - Planlegging og vidare utbygging av delareal i Årskog Industriområde

Framlegg til vedtak:

Formannskapet ber kommunestyret fatta slikt vedtak:

Kommunestyret bed administrasjonen starta arbeidet med å utarbeide *situasjons-/byggjeplan* for delareal 2 i Årskog Industriområde.

Som vedlegg til *situasjons-/byggjeplan* skal det utarbeidast rammeplan for VA med dokumentasjon for sløkkjevatn, overvatn inkludert håndtering av bekk i området, lengdeprofil for vegen med avklaring av trong for murar, normalprofil og plan for etablering av veglys.

Kommunestyret bed like eins om at det vert sett igang grunnundersøkingar for å ha nødvendig dokumentasjon for miljø- og grunntilhøva på sjøbotnen i same planområde.

Vidare detaljert tomtedeling med byggjegrensar, plassering av renovasjon, andre samordna tekniske installasjonar og eventuelle detaljteikningar, kan kome på seinare tidspunkt når me veit meir om kven som vil etablere seg, og når me veit meir om tiltaka. Dette vil ikkje vera ein del av denne planen, og verta handtert i enkeltsaker i tråd med detaljregulering for Årskog Industriområde.

Anskaffingar og framdrift vert gjort i samsvar med saksframlegget. Dersom tilbod på konsulentarbeid bryt vesentleg med rammene som er vist i saksframlegget, ber formannskapet om å få saka til ny vurdering før anskaffing vert gjort.

Vedtaket er gjort på bakgrunn av saksutgreiinga, for å vere i forkant og leggje til rette for vidare utvikling i Årskog Industriområde

Finansiering vert gjort frå ubunde investeringsfond Kapitalfond.

Behandling i Formannskapet - 16.05.2018:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) og rådmann Olaug Haugen orienterte om saka. Dei peika på bl.a. grunnundersøkingar og planlegging av infrastruktur (veg, vatn og overvatn) som viktige moment i tilrettelegging for komande interessentar i området. Formannskapet drøfta saka. Administrasjonen svara på spørsmål frå formannskapet.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Kommunestyret bed administrasjonen starta arbeidet med å utarbeide *situasjons-/byggjeplan* for delareal 2 i Årskog Industriområde.

Som vedlegg til *situasjons-/byggjeplan* skal det utarbeidast rammeplan for VA med dokumentasjon for sløkkjevatn, overvatn inkludert handtering av bekk i området, lengdeprofil for vegen med avklaring av trong for murar, normalprofil og plan for etablering av veglys.

Kommunestyret bed like eins om at det vert sett igang grunnundersøkingar for å ha nødvendig dokumentasjon for miljø- og grunntilhøva på sjøbotnen i same planområde.

Vidare detaljert tomtedeling med byggjegrensar, plassering av renovasjon, andre samordna tekniske installasjonar og eventuelle detaljteikningar, kan kome på seinare tidspunkt når me veit meir om kven som vil etablere seg, og når me veit meir om tiltaka. Dette vil ikkje vera ein del av denne planen, og verta handtert i enkeltsaker i tråd med detaljregulering for Årskog Industriområde.

Anskaffingar og framdrift vert gjort i samsvar med saksframlegget. Dersom tilbod på konsulentarbeid bryt vesentleg med rammene som er vist i saksframlegget, ber formannskapet om å få saka til ny vurdering før anskaffing vert gjort.

Vedtaket er gjort på bakgrunn av saksutgreiinga, for å vere i forkant og leggje til rette for vidare utvikling i Årskog Industriområde

Finansiering vert gjort frå ubunde investeringsfond Kapitalfond.

PS 37/18 Budsjettrapport 1. kvartal 2018

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek 1. kvartalsrapport til orientering.

Behandling i Formannskapet - 16.05.2018:

Rådmann Olaug Haugen orienterte om saka. Kommunen er i økonomisk ubalanse i høve til økonomiplanen, størst ubalanse innan helse og omsorg, og oppvekst. Økonomisjef Trond Salmo orienterte om tal frå kommuneproposisjonen som verkar inn for Fitjar kommune. Det vil verta lagt fram sak om budsjettjustering i neste formannskap og kommunestyre. Formannskapet drøfta saka.

Saka vert å senda til kommunestyret med følgjande;

Tilråding: (Samrøystes)

Kommunestyret tek 1. kvartalsrapport til orientering

PS 38/18 Årsmelding og årsrekneskap 2017

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre godkjenner årsmelding for 2017.
Fitjar kommunestyre godkjenner årsrekneskapen for 2017.

Fitjar kommunestyre disponerer årets mindreforbruk på drift til disposisjonsfondet med kr 3 177 933,-.

Fitjar kommunestyre vedtek å dekke inn årets meirforbruk, kr 1 245 386,-, på investeringsrekneskapen i 2017, på budsjettet for 2018.

Behandling i Formannskapet - 16.05.2018:

Rådmann Olaug Haugen orienterte om saka. Formannskapet ga positive attendemeldingar til administrasjonen vedrørende årsmeldinga og årsrekneskapen for 2017.

Tilråding til kommunestyret: (4 røyster)

Fitjar kommunestyre godkjenner årsmelding for 2017.
Fitjar kommunestyre godkjenner årsrekneskapen for 2017.

Fitjar kommunestyre disponerer årets mindreforbruk på drift til disposisjonsfondet med kr 3 177 933,-.

Fitjar kommunestyre vedtek å dekke inn årets meirforbruk, kr 1 245 386,-, på investeringsrekneskapen i 2017, på budsjettet for 2018.

PS 39/18 Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 1.tertial 2018

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 16.05.2018:

Tilråding: (4 røyster)

Kommunestyret tar finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 40/18 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 16.05.2018:

Handsama i møtet:

- Melding om skatteinngangen april 2018
- Informasjon om returordning for landbruksplast
 - Formannskapet ber rådmannen ta kontakt med landbrukskontoret om kva andre tiltak som kan setjast i verk, og kva verkemidlar som finst, for å rydda vekk landbruksplast, samt førebyggja ny ureining
- Fellesuttale nye regionale oppgåver – Haugaland vekst og Samarbeidsrådet
- Fellesuttale E39 Hordfast og E134 – Haugaland vekst og Samarbeidsrådet
- Tilskot trygg skuleveg og punktutbetring, tildeling frå Hordaland fylkeskommune

Vedtak: (4 røyster)

Som framlegg.

PS 41/18 Ymse

Behandling i Formannskapet - 16.05.2018:

Rådmann Olaug Haugen orienterte om arbeidet med å etablere ljosløype til fjells, frå Olstjørn til Svartavatnet. Det er samarbeid med fleire aktørar. Utgreiing av dette kjem i sak til neste møte i formannskapet.

Økonomisjef Trond Salmo orienterte om kommuneproposisjonen for 2019.

Ordføraren har sendt brev til statens vegvesen vedk. vedlikehald på vegar i Fitjar.

PS 42/18 Friluftsrådet Vest - Fritak for eigedomsskatt